

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF
DATO: 12.12.2018
SAKSHANDSAMAR: Kristin Pundsnes
SAKA GJELD: **Budsjett 2019**

STYRESAK: 117/18 A

STYREMØTE: 19.12.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF vedtek budsjett for Helse Bergen HF for 2019 i samsvar med framlegg frå adm.direktør.
2. Styret gjev adm.direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber adm.direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret på same format som i 2018.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke under føresetnad av driftsresultat på kr. 90 mill, det vil seie eit negativt avvik frå budsjett på kr. 20 mill i 2018. Revidert investeringsbudsjett skal leggjast fram for styret etter avslutning av årsregnskap 2018, dersom årsresultat avvik frå føresetnad i budsjettsaka.

Oppsummering

Vedlagt følger framlegg til budsjett 2019 for, Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus.

Budsjettprosessen er gjennomført etter den plan som vart vedteken i styret i august 2018. I budsjettprosessen er det lagt vekt på å involvere tilsette, tillitsvalde, verneteneste og leiarar. Vedlagt følg også protokoll frå drøftingsmøte med hovudtillitsvalde dagsett 7. des. 2018 og protokoll frå FAMU dagsett 10.des. 2018.

Budsjettet er utarbeidd med basis i dei føresetnader som er gjevne ved framlegg til Statsbudsjett for 2019 frå 8.okt. 2018, prognose for resultat Helse Bergen 2018 og tildelte rammer frå Helse Vest RHF for 2019.

Budsjettprosessen har følgd dei planar og fristar som har vore vedtekne. Budsjettdokument og drøftingsprotokollar for dei ulike einingane, samt hovuddokument var tilgjengeleg for dei tillitsvalde minst ei veke før drøftingmøtet.

Tysdag 4.des og fredag 7.des. vart det gjennomført informasjonsmøte og grundig drøfting av budsjettframlegget med dei hovudtillitsvalde. Dette er viktig for budsjettprosessen og gav nyttige innspel i det vidare arbeidet med implementering av budsjett 2019. Informasjon frå dei tillitsvalde er gode moment i det vidare arbeidet.

Det er administrerande direktør si vurdering at rammene for 2019 er stramme. Innspel frå dei tillitsvalde peikar i stor grad på trong for auka ramme for å redusere risiko i einingane. Etter administrerande direktør si vurdering har sjukehuset lagt fram eit stramt driftsbudsjett, men har samstundes lagt fram eit investeringsbudsjett med nokolunde tilstrekkeleg nivå innan investering av medisinsk teknisk utstyr.

Utover dette vert det vist til budsjettdokumentet som er lagt ved.

Vedlegg

1. Framlegg til budsjett 2019
2. Protokoll frå drøftingsmøte dagsett 07.12.2018
3. Protokoll frå FAMU dagsett 10.12.2018